

16.01.2011

Ikkje distraherande, men stimulerande



I ettermiddag vart klatreveggen i Aktivitetshuset teke i bruk første gong etterat Gaute Haugland også har gjort den til eit kunstverk. Eit naturleg spørsmål til styreleiar Bjørn Olav Tveit var om veggen i ny skikkelse verkar distraherande eller stimulerande.

- Avgjort stimulerande. var svaret frå Bjørn Olav, som berre har fanga opp positive kommentarar om veggen. No håpar han at enda fleire enn før let seg stimulera til ei klatreøkt.

Dei har sjansen kvar sundag klokka 16. Dei vaksne går gratis og det kostar berre 20 kroner gongen for den yngre generasjon.

I dag var 13 i aksjon ved og på veggen og det var Bjørn Olav godt fornøgd med.

På biletet over er det 10-åringen Ingar Eik Høivik som er på veg oppover.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)

